

RESULTATRAPPORT:

Rettsstatlege utfordringar ved internasjonalisering av strafferettspleia, med særleg fokus på europeisk integrasjon.

Forskningsprosjekt finansiert av Norges Forskningsråd og Det juridiske fakultet (UiB), 2007-2011.

Som framheva i førrearbeida til den nye straffelova (Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) s. 27), har utviklinga av nye internasjonale instrument på strafferettens område skote fart dei siste 20 åra. Denne utviklinga har i høg grad påverka den norske straffelovgivinga og gjer at lovgivar på ein del område har langt mindre valfridom for nasjonale vurderingar og løysingar enn før. Ei tilsvarende utvikling har vi sett innafor straffeprosessen, der det særleg er det internasjonale menneskerettsvernet som har slått inn med full styrke i denne perioden. Det siste tiåret har dessutan EU blitt ein viktig aktør, både når det gjeld å arbeida for harmonisering av straffe- og prosessreglar og når det gjeld å utvikla nye samarbeidsformer bygd på gjensidig aksept for nasjonale vedtak og løysingar. Også for Norge spelar utviklinga av EU-strafferetten ei vesentleg rolle, både gjennom Schengen-avtalen, EØS-avtalen og andre formelle samarbeidsformer, og gjennom eit meir generelt ønskje om å vera med på og tilpassa seg det europeiske samarbeidet på dette området.

Føremålet med dette forskningsprosjektet har vore å studera nærmere dei ulike sidene ved internasjonaliseringa av strafferettspleia, og vurdera desse utviklingstrekka i eit rettsstatleg perspektiv. Prosjektet har i særleg grad fokusert på korleis den europeiske integrasjonen gjer seg gjeldande med aukande styrke også på strafferettens område, og korleis dette påverkar rettsutviklinga i Norge.

Forskinga har blitt utført av prosjektleiar (Husabø), ein postdoktor finansiert av Forskningsrådet (Einarsen), to stipendiatar finansiert av Det juridiske fakultet (Suominen og Kvam) og enkelte andre forskrarar som har fått forskingsmidlar gjennom prosjektet (Mathisen, Franklin, Bruce, Boucht, Juritzen, Sættem). Eit nærmere oversyn over publikasjonane deira er vedlagt denne rapporten.

Eit hovudområde innafor prosjektet har vore dei internasjonale krava til kriminalisering og nærmere utforming av nasjonale strafferegler. Som eit typisk døme på denne utviklinga har Husabø og Bruce utforska terrorlovgivinga nærmere (Husabø 2008, Husabø/Bruce 2009). Dei har sett både på dei globale krava til lovgivinga som er fastsett av Sikkerhetsrådet og gjennom FN-konvensjonar, den regionale rammelovgivinga gjennom EU og den nasjonale lovgivinga i fleire europeiske land. I nær samanheng med den internasjonale harmoniseringa av visse brotsverkstypar står også ein tendens til å gi dei nasjonale reglane ei rekkevidde langt ut over landets

grenser, i nokre tilfelle jamvel over heile verda, utan krav til tilknyting til staten sjølv. Også denne utviklinga av vid ekstraterritorial jurisdiksjon er typisk for terrorlovgivinga og reiser ei rekke spørsmål om tolking og praktisering av reglane i høve til framande land og kulturar (Husabø/Bruce 2009 kap. 10 og 11).

Utviklinga av den internasjonale kjerne-strafferetten har vore eit anna hovudområde. Her har Einarsen føreteke ein grunnleggjande diskusjon om kva som kjenneteiknar desse brotsverka, og har i den samanheng utvikla omgrepene «universal crimes» som eit alternativ til det meir vanlege «international crimes» (Einarsen 2012). Han argumenterer for at det finst ei rekke brotsverk som er universelle i sin karakter, ikkje berre dei kjerne-brotsverka som kan pådømmast ved den internasjonale straffedomstolen i Haag, men også enkelte andre. Både brotsverka sin karakter av å krenka universelle verdiar, at det dreier seg om grove brot på internasjonale normer og at statane har høve til å utøva universell jurisdiksjon, er typiske kjenneteikn på «universal crimes». Einarsen har også drøfta kva rettsgrunnlag som vert kravd etter folkeretten, og har her gått nærmare inn på både traktatrett, sedvanerett og praksisen ved internasjonale domstolar.

Eit tredje hovudområde i prosjektet har vore utviklinga av nye former for strafferettsleg samarbeid mellom statar og mellom statar og internasjonale organisasjonar og domstolar. Her har særleg utleveringsretten blitt grundig utforska. Mathisen har i doktoravhandlinga «Utlevering for straffbare forhold» gjort greie for korleis den norske utleveringsretten har utvikla seg i eit nært samspel med framveksten av traktatar og andre samarbeidsinstrument både på nordisk, europeisk og globalt nivå, inkludert utlevering til internasjonale domstolar (Mathisen 2009). Når det gjeld dei nye EU-reglane på området, utvikla gjennom den europeiske arrestordren, har desse også blitt studert nærmare i doktoravhandlinga til Suominen (Suominen 2011). Begge har samtidig analysert den nordiske arrestordren og samanlikna denne med dei tilsvarende EU-reglane (sjå også Mathisen NJIL 2010).

Prosjektet har i særleg grad fokusert på utviklinga av særlege samarbeidsformer i regi av EU. Kvam har i masteravhandlinga vist at det strafferettslege samarbeidet innafor Schengen-avtalen langt på veg har blitt erstatta av nye samarbeidsformer som Norge ikkje har del i, utan eventuelt å inngå nye traktatar med EU-statane (Kvam 2008 og fleire artiklar). Franklin har teke for seg kva rolle EØS-avtalen spelar på strafferettens område, og korleis prinsippet om direktivkonform tolking kan gjera seg gjeldande også her (Franklin 2012). Suominen har i fleire artiklar drøfta utviklinga av EU-strafferetten meir generelt, inkludert påtalesamarbeidet i regi av Eurojust og planane om å etablera ei eiga europeisk påtalemakt. Boucht tek for seg utviklinga av fullmakter for politiet til å operera også inn på territoriet til nabostatar, og ser på korleis dette har fått gjennomslag i lovgiving og praksis i enkelte nordiske land (Boucht 2012).

Når det gjeld rettsutviklinga i regi av EU, står prinsippet om gjensidig anerkjenning av domstols- og påtaleavgjerder i andre statar heilt sentralt. Suominen har studert nærmere fire ulike instrument basert på dette prinsippet, både om utlevering/arrest, «frysing», konfiskasjon og bøtestraffer (Suominen 2011). Her har ho både samanlikna dei nordiske EU-landa sine reglar innbyrdes og deira forhold til EU-rammelovgivinga. Eit anna arbeid knytt opp til prinsippet om gjensidig anerkjenning er Juritzen si masteravhandling om den europeiske bevisordren og ei eventuell gjennomføring av denne i norsk rett (Juritzen 2009).

Eit anna prinsipp som er under utvikling i EU-retten er «tilgjengelighetsprinsippet». Dette går ut på at all informasjon som er tilgjengeleg for politi eller påtalemakta i eitt land, i prinsippet også skal vera tilgjengeleg for dei andre EU-landa. Dels kan dette skje gjennom utviklinga av felles databasar (slik som Schengen Information System) eller tilgang til andre lands databasar (t d DNA-register) og dels gjennom meir tradisjonelle former for informasjonsutveksling. Dette er eit område i rask utvikling som no blir nærmare utforska i doktoravhandlinga til Kvam (Kvam 2013). Han vil analysera prinsippa for utlevering av politiopplysningar til utlandet slik desse er nedfelte i politiregisterlova med tilhøyrande forskrifter, og sjå desse reglane i samanheng med internasjonale avtalar og samarbeidsorgan som Norge er knytt opp mot.

Eit gjennomgåande tema i forskingsprosjektet har vore å drøfta framveksten av nye internasjonale reglar og samarbeidsformer på strafferettens område i lys av dei grunnleggjande krava til ein rettsstat, særleg menneskerettane og rettstryggleiken til individua. Dette har vore eit viktig tema i Husabø og Bruce sitt arbeid med terrorlovgivinga, samt i deira deltaking som medlem og sekretær i Metodekontrollutvalet (NOU 2009:15). Også avhandlingane til Suominen, Mathisen og Kvam tek for seg dei menneskerettslege aspekta innafor sine område, medan Sættem si masteravhandlinga har teke for seg høvet til å fråvika menneskerettane når ein stat er i krig eller ei anna nasjonal krise (Sættem 2009). Forholdet til menneskerettane har også vore eit viktig tema i debatten om datalagringsdirektivet, som fleire av medarbeidarane har engasjert seg i.

På eit overordna plan har prosjektet vist at strafferetten meir og meir utviklar seg i eit samspel mellom globale, regionale og nasjonale aktørar. For å kasta lys over desse komplekse og dynamiske normative samanhengane har vi utvikla ein eigen komparativ forskingsmetode som kombinerer eit «horisontalt» og «vertikalt» perspektiv. Det inneber at ein både føretok ei samanlikning av dei globale, regionale og nasjonale reglane og samtidig samanliknar dei nasjonale løysingane i ulike land (Husabø/Bruce 2009, Suominen 2011, Mathisen 2009). Slik kan ein kasta eit breiare lys over kva effekt internasjonale avtalar og vedtak har på nasjonale reglar på strafferettens område, og kva spelerom statane har eller bør ha for løysingar som avspeglar særtrekk ved

rettssystemet og verdiane i det enkelte landet. Denne forskingsmetoden kan utviklast vidare og nyttast også på andre rettsområde.

Vidare har forskingsprosjektet utforska og formidla til eit norsk publikum kor raskt og drivande EU-samarbeidet innafor strafferettspleia utviklar seg. Det har vorte tydeleg at det er krevjande for Norge å få ta del i denne rettsutviklinga og dei nye samarbeidsformene, noko som nyleg også er blitt framheva i den breie «Europautredningen» (NOU 2012: 2 s. 686-722). At eit norsk fagmiljø har fordjupa seg i europeiseringa av strafferettspleia, som fram til no har kome i skuggen av det øvrige samarbeidet innafor og med EU, vil vera nyttig både for styresmaktene og den offentlege debatten i åra som kjem.

Medarbeidarane i prosjektet har gjennom heile prosjektperioden vore aktive med føredragsverksemd og deltaking på seminar i inn og utland. Forskingsresultat har såleis blitt løpende formidla til eit breitt publikum av fagkollegaer og aktørar i strafferettspleia, inkludert føredrag for Högsterett, Justisdepartementet og nordiske parlamentarikarar. Medarbeidarane har også delteke aktivt i den offentlege debatten med kronikkar og debattinnlegg. Dei har også gitt eit stort tal intervju til radio, tv og aviser som det ikkje er mogeleg å rapportera i detalj om her.

Prosjektet har gitt dei sentrale prosjektmedarbeidarane høve til å utvikla ein spisskompetanse på den europeiske og internasjonale rettsutviklinga på strafferettens område. Såleis meiner vi å ha oppnådd målet om opparbeida ein kompetanse som vert etterspurt i det nasjonale og internasjonale fagmiljøet. Samtidig må ein sjå denne satsinga som ledd i ei breiare og meir langsiktig oppbygging av eit sterkt strafferettsleg forskingsmiljø ved Det juridiske fakultet i Bergen. Slik vil prosjektet vonleg og venteleg bidra til vidare kunnskapsutvikling i åra som kjem.

Bergen 31.01.2012

Erling Johannes Husabø